

Bergstø-ulukka: Saka mot bilføraren henlagt

21.06.2008

**Saka mot bilføraren som køyrde på 87 år gamle Gustav Bergstø ved Korsnes 25. februar er henlagt etter bevisets stilling.
Det opplyser politiinspektør Kjetil Kvalvik ved Hordaland politidistrikt til Dagsavisen**

Kvalvik opplyser at kvinna, som kom køyrande mot Rosendal, heldt normal fart. Ho oppdaga ingenting før fotgjengaren låg på panseret. Umiddelbart før ulukka vart han observert gåande midt i vegen av andre trafikantar. Det var mørkt og regn i lufta.

- Etter å ha vurdert farten, innhenta vurdering frå biltilsynet og snakka med vitnar, er saka henlagt, seier Kvalvik. Kvinna, som fekk inndrege førarkortet etter ulukka, har no fått det tilbake.